



## Møteprotokoll for Eldrerådet

**Møtedato:** 09.09.2022  
**Møtestad:** Kommunehuset  
**Møtetid:** 10:00 - 12:15

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Karstein Totland	H	Ordfører
Britt Inger Myhr	AP	Medlem
Ivar Haukeland		Medlem
Inger Jåstad	Krf	Medlem
Helga Hodne		Medlem

---

**Følgjande frå administrasjonen møtte:**  
Assisterande rådmann Sveinung Toft som førte møteboka.

---

### Sakliste

Saknr	Tittel
006/2022	Godkjenning av innkalling og sakliste
007/2022	Godkjenning av møtebok
008/2022	Eldreprisen 2022
009/2022	Referatsak
010/2022	Masfjorden frivilligsentral - etablering og vedtekter

## **006/2022: Godkjenning av innkalling og sakliste**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Innkalling og sakliste vert godkjend

### **09.09.2022 ELDRERÅDET**

Innkallinga og sakliste vart godkjent med tilføyning om to ekstrasaker.

- Eldrefesten 2022
- Masfjorden frivilligsentral - etablering og vedtekter

Assisterande rådmann Sveinung Toft orienterte om tannhelsetenestene for eldre og sjuke i Masfjorden kommune. I samband med denne orienteringa møtte også fagleiar for Masfjorden bu og aktivitetssenter Hildegunn Bjånes, som kunne fortelja korleis desse tenestene vert organisert i heimesjuketenesta.

Eldrerådet tok oreinteriga til vitring.

### **ER - 006/2022 VEDTAK:**

Innkalling og sakliste vert godkjend

---

## **007/2022: Godkjenning av møtebok**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Møtebok vert godkjend.

### **09.09.2022 ELDRERÅDET**

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke

### **ER - 007/2022 VEDTAK:**

Møtebok vert godkjend.

---

## **008/2022: Eldreprisen 2022**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

**Skriv inn framlegg til vedtak her**

### **09.09.2022 ELDRERÅDET**

Framlegg til Eldreprisen 2022 frå Masfjordnes pensjonistlag:

Styret i Masfjordnes pensjonistlag vart oppmoda til å koma med framlegg til kandidat til eldreprisen. I statuttane heiter det:

**"Prisvinnar må ha gjort ein prisverdig innsats særleg som pensjonist mellom og for pensjonistar, med andre ord ein kvardagshelt."**

Vi har gått gjennom aktuelle kandidatar etter beste skjønn. Det er mange både yngre og eldre som kunne fortæna ei påskjøning for innsats for dei eldre i kommunen. Men denne gongen vel vi å leggja særleg vekt på

- Å heidra kvardagsheltane som ikkje har ein fagleg bakgrunn som sitt engasjement, men alltid møter fram og stiller opp med det som trengs av praktisk hjelp, godt humør og skaper eit godt miljø i laget.
- Å heidra nokon av dei eldste eldre som framleis er framleis aktive med innsats for og mellom pensjonistar.
- Å heidra nokon som har delteke og arbeidd aktivt som medlemmer og i styret i pensjonistlag.

**Styret i Masfjordnes pensjonistlag nominerer i år Magne Andvik og Knut Nordland til å dela eldreprisen for 2022.**

Grunngjeving:

Begge desse heidersmennene fylte 90 år sommaren 2022. Dei utmerkar seg med å ha vore svært engasjerte og aktive i pensjonistlaget på Sørsida. Dei har også alltid støtta opp om og møtt fram på felles tilstellingar for seniorgruppa i kommunen vår. Dei er alltid med, er positive, støttande, kunnskapsrike og har godt humør!

Begge har vore/er viktige sjåførar for eldre utan bil og førarkort, slik at dei kan delta i arrangementa for pensjonistar og andre seniorar.

Begge har alltid vore med i planlegging, praktisk arbeid, tilrigging, rydding og oppvask etter aktivitetar for eldre.

Magne har vore varamedlem, styremedlem og økonomiansvarleg i Masfjordnes pensjonistlag frå tidleg på 2000-talet heilt fram til 2022, då han sa frå seg attval.

Knut har mellom anna lagt tilhøva godt til rette for fysisk aktivitet for eldre, ved å snikra kvilebenker langs vegane i Andvikgrend.

Vi meiner dei på alle vis fortæner ein pris for det dei er og det dei bidrar med i pensjonistmiljøet i kommunen vår.

Eldrerådet drøfta saka og vedtok samrøystes å følgja tilrådinga frå Masfjordnes pensjonistlag om at Eldreprisen for 2022 skal tildelast både Magne Andvik og Knut Nordland.

**ER - 008/2022 VEDTAK:**

Eldrerådet vedtek samrøystes at Eldreprisen for 2022 skal delast mellom Magne Andvik og Knut Nordland.

---

## **009/2022: Referatsak**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Referatsaker vert tekne til orientering

### **09.09.2022 ELDRERÅDET**

Referatsaker vert tekne til orientering med merknad om saker som bør følgjast opp:

1. Det vart stilt spørsmål om fastlegemangel i Masfjorden kommune, og ønskje om å få meir orientering om dette på neste møte.
2. Spørsmål om administrasjonen har vurdert å publisere meir saker, t.d. tilsettingar med vidare.

### **ER - 009/2022 VEDTAK:**

Referatsaker vert tekne til orientering med merknad om saker som bør følgjast opp:

1. Det vart stilt spørsmål om fastlegemangel i Masfjorden kommune, og ønskje om å få meir orientering om dette på neste møte.
  2. Spørsmål om administrasjonen har vurdert å publisere meir saker, t.d. tilsettingar med vidare.
-

## **010/2022: Masfjorden frivilligsentral - etablering og vedtekter**

**Rådmannen sitt framlegg:**

### **09.09.2022 ELDRERÅDET**

Vedtaket gjort i formannskapet samrøystes den 29.08.2022 i sak 082/2022 vart referert. Der står det:

Masfjorden kommune overtek drifta av Masfjorden frivilligsentral frå og med 1.1.2023.

Det vert oppretta 100% stilling som frivilligkoordinator frå 1.1.2023.

Vedtekter for Masfjorden frivilligsentral vert vedtekne slik dei ligg føre.

Protokollmerknad:

Torill Torsvik Strøkersen ba om det kom sak ang frivilligpolitikk og etablering av BUA i løpet av første driftsår.

Eldrerådet drøfta saka, og støtter framlegget gjot i formannskapet.

### **ER - 010/2022 VEDTAK:**

Eldrerådet drøfta saka, og støtter framlegget gjort i formannskapet

---

Rett utskrift frå møteboka frå Eldrerådet den 09.09.2022 vert vitna:

---

Ivar Haukeland  
leiar

---

Sveinung Toft  
sekretær